



Arkivsak

24/04666-55

Saksbehandler

Stig Larsen

Saksgang

Partssammensatt utvalg

Yrkesopplæringsnemnda

Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Framtidig utvikling og berekraft ved Vest-Telemark vidaregåande skule

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Rapporten «Vest-Telemark vidaregåande skule – vurdering av framtidig utvikling og berekraft» blir teken til orientering.
2. Det vidare arbeidet med Vest-Telemark vidaregåande skule skal ha som mål å styrkje den økonomiske og pedagogiske berekrafta i opplæringstilbodet, innanfor rammene av fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring.
3. Programtilbodet ved Vest-Telemark vidaregåande skule skal vurderast gjennom dei ordinære sakene om vidaregåande opplæringstilbod og handlings- og økonomiplan.
4. Det blir arbeidd vidare med fleksible opplæringsmodellar, samarbeid med andre vidaregåande skular og utvikling av skulen som regional ressurs- og kompetansearena, der dette er pedagogisk forsvarleg og økonomisk realistisk.
5. Samarbeidet mellom skulen, kommunane i Vest-Telemark, NAV, lokalt næringsliv og relevante utdanningsaktørar blir styrkt, med sikte på betre samanheng mellom vidaregåande opplæring, kvalifisering, læreplassar og regionale kompetansebehov.
6. Mogleg internat eller andre bustadløyisingar på Dalen blir utgreidd vidare som del av bygdevekstsamarbeidet for Vest-Telemark, i samarbeid med Tokke kommune og andre relevante aktørar.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget vedtok i sak 147/24 punkt 4 at det blir gjennomført eit utgreiingsarbeid om framtidig drift av Vest-Telemark vidaregåande skule. Bakgrunnen er eit samansett utfordringsbilete, der demografisk utvikling, pressa økonomiske rammer, endringar i arbeidslivet og behovet for robuste opplæringsmiljø verkar saman.

På denne bakgrunnen er det utarbeidd ein rapport om framtidig utvikling og berekraft ved Vest-Telemark vidaregåande skule. Rapporten følgjer saka som vedlegg.

Mandatet for arbeidet har vore å greie ut korleis det kan leggjast til rette for eit meir økonomisk og pedagogisk berekraftig tilbod ved skulen. Det er lagt til grunn at vurderingane skal sjåast i samanheng med fylkeskommunen si rolle som skuleeigar, med utviklinga i elevgrunnlaget, med arbeidskraft- og kompetansebehov i regionen og med skulen si rolle som del av den regionale infrastrukturen.

Arbeidet skal òg sjåast i samanheng med bygdevekstavtalen for Vest-Telemark. Vest-Telemark vidaregåande skule skil seg frå fleire andre distriktsskular ved at skulen har eit breitt regionalt nedslagsfelt, omfattar fleire kommunar og er tett knytt til spørsmål om busetting, kompetanse, rekruttering og samfunnsutvikling i regionen.

Som del av mandatet er det òg vurdert om internat eller andre bustadløyisingar på Dalen kan vere eit verkemiddel for å styrkje rekruttering og gjennomføring ved skulen. Rapporten konkluderer ikkje med etablering av internat, men tilrår at spørsmålet blir utgreidd vidare som del av bygdevekstsamarbeidet.

Dei tillitsvalte har vært representert i arbeidet.

Saka blir lagd fram til uttale i Partssammensatt utval, Yrkesopplæringsnemnda, Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing, Ungdomsrådet, og Hovedutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget. Fylkestinget gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Rapporten viser at Vest-Telemark vidaregåande skule må vurderast både som opplæringsarena og som del av den regionale infrastrukturen for kompetanse, rekruttering, busetting og samfunnsutvikling i Vest-Telemark. Utgreiinga byggjer på eit samla kunnskapsgrunnlag om demografi, elevgrunnlag, kvalitet, gjennomføring, arbeidsmarknad, kompetansebehov, økonomi, internat og mogleg utvikling av skulen som ressurs- og kompetansesenter.

Vest-Telemark vidaregåande skule har ei viktig rolle som lokal og regional opplæringsarena. Skulen er samtidig prega av fleire av dei same utfordringane som andre distriktsskular står i. Elevgrunnlaget er avgrensa, og det er venta nedgang i talet på ungdomar i vidaregåande opplæringsalder i åra framover. Dette gir mindre fleksibilitet i gruppesamansetjing, større sårbarheit i fagmiljø og høgare kostnad per elev enn ved større skular.

Rapporten viser at små skular også kan ha kvalitetar som bør tilleggjast vekt. Vest-Telemark vidaregåande skule har eit oversiktleg miljø, nærleik mellom elevar og tilsette og gode føresetnader for tett oppfølging. Kunnskapsgrunnlaget viser at elevane i hovudsak trivstog at skulen har gode resultat. Rapporten peikar på eit fortsett behov for målretta og systematisk kvalitetsarbeid.

Den økonomiske gjennomgangen viser at Vest-Telemark vidaregåande skule har høgare kostnad per elev enn større skular. Dette heng i stor grad saman med strukturelle forhold, mellom anna geografi, lågt elevgrunnlag, behov for eit visst tilbod lokalt og faste kostnader til bygg, leing og drift. Rapporten peikar på at det er nødvendig å skilje mellom kostnader som følgjer av struktur og geografi, og kostnader som kan påverkast gjennom prioriteringar, organisering og betre ressursutnytting.

Rapporten viser at det finst eit handlingsrom innanfor gjeldande struktur. Dette gjeld mellom anna tilpassing av programtilbod, meir målretta dimensjonering, samarbeid på tvers av vidaregåande skular, fleksible og digitale opplæringsmodellar der dette er pedagogisk forsvarleg, tettare samarbeid med arbeidslivet og breiare bruk av skulen sine lokale og kompetanse.

Arbeidsmarknaden i Vest-Telemark er prega av avgrensa tilgang på arbeidskraft og behov for kompetanse i fleire sektorar. Det gjeld særleg kommunale tenester, helse og omsorg, oppvekst, bygg og anlegg, tekniske fag, service, reiseliv og delar av privat næringsliv. Rapporten peikar på at utfordringa ikkje berre handlar om mangel på arbeidskraft, men også om misforhold mellom tilgjengeleg og etterspurd kompetanse. Dette gjer vidaregåande opplæring, fagbrevordningar, vaksenopplæring og kvalifiseringsløp særleg relevante.

Rapporten peikar på tre sentrale utviklingsspor. Det første er å styrkje koplinga mellom ordinær vidaregåande opplæring og lokalt arbeidsliv. Det andre er å utvikle meir målretta opplæringstilbod for vaksne som manglar fagbrev eller annan formell kompetanse. Det tredje er å vurdere om skulen, i samarbeid med kommunane og NAV, kan få ei tydelegare rolle i kvalifisering av personar som står utanfor arbeidslivet, der opplæring er ein viktig del av vegen vidare mot arbeid eller formell kompetanse.

Utgreiinga vurderer også mogleg utvikling av Vest-Telemark vidaregåande skule som regionalt ressurs- og kompetansesenter. Dette inneber ikkje at skulen sitt hovudoppdrag som vidaregåande skule blir endra, men at skulen i større grad blir brukt som arena for kvalifisering, kompetanseutvikling og samarbeid med arbeidsliv og offentleg sektor. Moglege målgrupper er mellom anna vaksne utan fagbrev, kommunalt tilsette med behov for formalisering av kompetanse, personar registrerte hos NAV, lokalt næringsliv og deltakarar i desentraliserte utdanningstilbod.

Rapporten peikar på at eit ressurs- og kompetansesenter truleg ikkje vil kunne finansiere seg sjølv fullt ut gjennom kurs- og oppdragsverksemd. Verdien må derfor vurderast breiare. Eit slikt

senter kan bidra til lokal kvalifisering, betre bruk av skulen sine lokale, styrking av fagmiljø, betre samhandling med arbeidslivet og eit breiare aktivitetsgrunnlag ved skulen. Ei mogleg datasenteretablering i Fyresdal er omtalt i rapporten som eit døme på nye kompetansebehov i regionen. Rapporten tilrår ikkje å etablere eit smalt og prosjektsensitivt datasenterfag, men peikar på behovet for brei og overførbar kompetanse innan kritisk infrastruktur. Dette kan omfatte elektro, datateknologi, automasjon, energi, kjøling, ventilasjon, nettverk, tryggleik, HMS, teknisk dokumentasjon og teknisk engelsk. Ei slik innretning vil kunne vere relevant for fleire delar av arbeidslivet, ikkje berre for ei eventuell datasenteretablering.

Internat eller andre bustadløyisingar på Dalen er vurdert som eit mogleg verkemiddel for å redusere geografiske barrierar og styrkje rekruttering og gjennomføring. Vest-Telemark er prega av store avstandar, og for enkelte elevar vil dagleg reise til vidaregåande opplæring vere krevjande. Tilbakemeldingane frå ungdomsråda i Vest-Telemark-kommunane viser at ungdomane ønskjer ei slik vurdering velkommen, og at dei støttar ei vidare retning der Vest-Telemark vidaregåande skule blir halde oppe og utvikla vidare. Det er også gitt tilbakemeldingar om at betre bustadtilbod på Dalen kan påverke skuleval for ungdom som i dag går på vidaregåande skule utanfor regionen.

Rapporten viser samtidig at bustadbehovet i Vest-Telemark er breiare enn behovet for elevinternat. Det omfattar også lærlingar, vaksne i opplæringsløp, helsepersonell, tilsette i privat næringsliv og sesongarbeidskraft. På denne bakgrunnen tilrår rapporten at internat eller andre bustadløyisingar blir utgreidd vidare som del av bygdevekstsamarbeidet, slik at bustad, kompetanse, rekruttering og næringsutvikling blir sett i samanheng.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka inneber ikkje i seg sjølv vedtak om konkrete endringar i skuletilbod, programstruktur, bemanning, investeringar eller budsjettfordeling. Slike spørsmål må vurderast og avgjerast i dei ordinære politiske og administrative prosessane, mellom anna gjennom saker om vidaregåande opplæringstilbod, vaksenopplæring, handlings- og økonomiplan og eventuelle egne oppfølgingssaker.

Saka legg likevel føringar for den vidare utviklinga av Vest-Telemark vidaregåande skule og for korleis fylkeskommunen skal arbeide vidare med samarbeid, organisering, internatspørsmål, kompetansetilbod og bruk av skulen som regional ressurs.

Vest-Telemark vidaregåande skule har ein meirkostnad samanlikna med større vidaregåande skular. Denne meirkostnaden heng i stor grad saman med strukturelle forhold, mellom anna geografi, avstandar og lågt elevgrunnlag. Samtidig legg saka til grunn at det skal arbeidast vidare med tiltak for å avgrense kostnadsvekst og betre ressursutnytting. Dette kan mellom anna skje gjennom tilpassing av tilbod og kapasitet, meir samarbeid med andre skular, fleksible opplæringsmodellar, utvikling av nye aktivitetar og betre bruk av skulen sine lokale.

Etablering av internat vil kunne få betydelege økonomiske konsekvensar. Rapporten viser til at investeringar, drift, bemanning, tilsyn, mat, vedlikehald og forvaltning må vurderast nærare.

Eventuell etablering av internat eller andre bustadløyisingar må derfor leggjast fram i eiga sak, med kvalitetssikra kostnadsoverslag, vurdering av driftsmodell, målgrupper, finansiering, organisering og forholdet til bygdevekstsamarbeidet.

Forslaga i saka ligg innanfor fylkeskommunen sitt ansvar og handlingsrom som skuleeigar. Saka inneber ikkje endringar i det lovpålagde oppdraget til skulen, men gir ei tydelegare strategisk retning for korleis oppdraget kan utviklast og følgjast opp innanfor gjeldande regelverk.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka støttar opp under FNs bærekraftsmål 4 om god utdanning, mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, mål 10 om mindre ulikskap og mål 17 om samarbeid for å nå måla.

Ved å leggje vekt på lokal og regional kompetanseutvikling, betre gjennomføring, kvalifisering av vaksne, fleire læreplassar og tettare samarbeid mellom offentlege og private aktørar, kan saka bidra til sosial berekraft og meir robuste lokalsamfunn.

Saka har ikkje direkte konsekvensar for fylkeskommunens klimamål. På lengre sikt kan eit desentralisert og fleksibelt opplæringstilbod bidra til redusert transportbehov for enkelte elevar og deltakarar i opplæring. Samtidig må eventuelle investeringar i bygg eller bustadløyisingar vurderast nærare i eigne saker, også med omsyn til klima, arealbruk, energiløyisingar og transport.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at rapporten gir eit godt og fagleg grunnlag for vidare politiske vurderingar av Vest-Telemark vidaregåande skule. Etter fylkesdirektørens vurdering viser rapporten at skulen står i eit krevjande spenn mellom fallande elevgrunnlag, høgare kostnad per elev, sårbare fagmiljø og behovet for eit tilgjengeleg vidaregåande opplæringstilbod i ein region med store avstandar.

Fylkesdirektøren vurderer at det ikkje er tilstrekkeleg å vidareføre dagens struktur utan endringar. Ei slik retning vil på sikt kunne gi svekt økonomisk og pedagogisk berekraft. Samtidig vurderer fylkesdirektøren at ei rein sentralisering eller sterk reduksjon av tilbodet ikkje er den mest tenlege løysinga, når ein legg til grunn skulen si rolle for tilgjenge, gjennomføring, kompetanse, rekruttering og regional utvikling i Vest-Telemark.

Etter fylkesdirektørens vurdering er det mest berekraftige hovudsporet å vidareutvikle skulen innanfor gjeldande struktur, men med tydelegare prioriteringar, sterkare regional innretning og ei open tilnærming til samarbeid og felles løysingar. Dette inneber at skuletilbodet må vurderast årleg i lys av elevgrunnlag, gjennomføring, læreplassar, robuste fagmiljø og dokumenterte kompetansebehov. Det inneber òg at skulen må utviklast gjennom tettare samarbeid med kommunar, NAV, næringsliv, andre vidaregåande skular og relevante utdanningsaktørar. I det vidare arbeidet bør det leggjast vekt på å utnytte moglegheiter for samhandling, sambruk, fleksible opplæringsmodellar og betre bruk av eksisterande kompetanse, lokale og infrastruktur.

Fylkesdirektøren meiner det er særleg viktig å styrkje samanhengen mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet i regionen. Dersom skulen skal vere relevant og berekraftig over tid, må tilbodet i større grad svare på faktiske kompetansebehov. Dette gjeld både ungdomsopplæring, læreplassar, vaksenopplæring, fagbrevordningar og kvalifiseringsløp for personar som står utanfor arbeidslivet.

Fylkesdirektøren meiner vidare at internat eller andre bustadløyisingar på Dalen er eit relevant spørsmål å arbeide vidare med. Reiseavstandar og manglande bualternativ kan påverke både skuleval og gjennomføring. Samtidig er kostnadene og driftsansvaret ved internat betydelege, og bustadbehovet i regionen gjeld fleire målgrupper enn elevar i vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren vurderer derfor at internatsspørsmålet bør utgreiast vidare som del av bygdevekstsamarbeidet, og ikkje avgjerast i denne saka.

Fylkesdirektøren vurderer at den vidare oppfølginga må organiserast som eit forpliktande utviklingsarbeid med tydeleg framdrift, avklarte roller og faste samarbeidsarenaer mellom fylkeskommunen, skulen, kommunane i Vest-Telemark, NAV, lokalt næringsliv og relevante utdanningsaktørar. Det må også vere dialog med elevar og tilsette.

Fylkesdirektøren vurderer at utvikling av Vest-Telemark vidaregåande skule som regionalt ressurs- og kompetansesenter kan representere ei viktig moglegheit for regionen. Ei slik utvikling kan styrkje samanhengen mellom opplæring, arbeidsliv og samfunnsutvikling, og bidra til auka verdiskaping, betre kompetansetilgang og eit meir attraktivt bu- og arbeidsmiljø i Vest-Telemark. Samtidig kan det gi betre utnytting av skulen sine lokale, kompetanse og fagmiljø, og opne for meir målretta kvalifisering av både ungdom, vaksne og personar som står utanfor arbeidslivet.

Det bør likevel leggjast til grunn at eit slikt senter ikkje er ei enkel økonomisk løysing, og at det ikkje bør framstillast som sjølvfinansierande i snever forstand. Verdien må vurderast breiare, mellom anna gjennom betre ressursutnytting, meir relevant kompetanseutvikling, lokal kvalifisering, styrking av fagmiljø og betre samhandling mellom skule, arbeidsliv og offentleg sektor.

På denne bakgrunnen rår fylkesdirektøren til at fylkestinget sluttar seg til hovudretninga i rapporten og vedtek overordna føringar for vidare utvikling av Vest-Telemark vidaregåande skule.

Vedlegg:

Rapport Vest-Telemark mai 2026